

bLEST Litteraturfest i Tysvær 2021

Søndag 24. oktober Tonganes fyr, Nedstrand	Fyret og fjorden. Tekst og bilete. Open utstilling i fyrvhuset.
Onsdag 27. oktober kl 18.00 Tysværtunet, Biblioteket	Litterært Pusterom med Garte Sortland. Me les ei av hans noveller og går saman gjennom tankane den skaper. Det litterære pusterommet blir leia av Wenche Scheit, leseleiar i Shared reading-metoden.
Torsdag 28. oktober kl 11.30 Tysværtunet, Nygaardsalen	Tekst og te- ein litterær lunsjdrøs om stort & smått. Agnes Ravatn i samtale med Ingvild Rørtveit Myklebust frå Tysvær Bygdeblad. Samarbeid med Tysvær Bygdeblad.
Torsdag 28. oktober kl 16.30 Tysværtunet, Nygaardsalen	Skrivegruppa for eldre lanserer si nye bok. Opplesing av tekstane v/ Anne Kjersti Aarhus mfl.
Torsdag 28. oktober kl 18.00 Tysværtunet, Galleriet	Opning av festivalen ved ordførar Sigmund Lier. Opning av kunstutstilling: Festivalutstillar er tekstilkunstnar Tine Nygård. Medarr: Tysvær Kunstlag.
Torsdag 28. oktober kl 18.45 Tysværtunet, Nygaardsalen	Simon Stranger om sin nye roman 304 dager, om krig og venskap, kjærleik og familie. Om kampen for å koma seg gjennom eit krigstraume, og prøve å overleve freden. Stranger kjem også inn på boka Leksikon om lys og mørke. Foredrag med musikk og bilete.
Torsdag 28. oktober kl 20.00 Tysværtunet, Storsalen	Eggum i 70! Bokbad og konsert med Geir Rakvaag og Jan Eggum. Eggum sine memoarer er ført i pennen av Rakvaag som er ein av Norges mest anerkjente musikkjournalistar. Det blir både samtale og musikalske smakebitar frå ein lang og innhaldsrik karriere.
Torsdag 28. oktober kl 19.00 Husflidshuset, Grinde	Kreativ-bLEST: Møt tekstilkunstnar Tine Nygård som er bLEST sin festivalutstillar. Foredrag og deling av idear, tankar og teknikker, slik at du kan gå heim og prøve på spennande prosjekt sjølv. Samarbeid med Tysvær Husflidslag.
Fredag 29. oktober kl 11.00 Sosialsenteret, Nedstrand	Kåseri med Gunnar Roalkvam. Eit nært møte med den populære og folkekjære diktaren med Nedstrand i hjerta. Kanskje bygda der han bruker så mykje tid har vore til inspirasjon når han skriv sine lune dikt og viser?
Fredag 29. oktober kl 11.30 Tysværtunet, Litlesalen	Tett på multikunstnaren Einar Økland. Visning av filmen Einars veg. Etter filmen samtalar Marit Tvedt frå Tysvær Bygdeblad med Einar. Samarbeid med Tysvær Bygdeblad.
Fredag 29. oktober kl 17.00 Tysværtunet, Nygaardsalen	Anders Totland: Vindmøllekampen. Historien om eit folkeopprør. Kva er det som får menneske til å reise seg og kjempe for det ein har kjært? Forfattaren i samtale med Synnøve Bjelland, Tysvær Mållag
Fredag 29. oktober kl 18.15 Tysværtunet, Nygaardsalen	Opplev meir v/ historieforteljar Liv Gulbrandsen. Førsnakk som oppvarming til Riksteateret si forestilling Don Quijote. Liv gir publikum ei kort og humoristisk innføring i verdenslitteraturens mest kjente bok.
Fredag 29. oktober kl 19.00 Tysværtunet, Storsalen	Riksteateret Don Quijote. Komedie og filosofi om kvarandre! Underhaldande teater om radarparet Don Quijote og Sancho Panza, -den eine ser det han trur på, medan den andre berre trur på det han ser.
Fredag 29. oktober kl 20.00 Avanti, Frakkgjerd	Halloween-party! Premie for beste kostyme! Aldersgrense 13-18 år. Rusfritt arrangement.
Lørdag 30. oktober:	Arne Torget er konferansier og leier og loser publikum gjennom programmet heile dagen!
Lørdag 30. oktober kl 09.30 Tysværtunet, Storsalen	Vingespenn 2021. Lansering med foredrag av ulike artikkelforfattarar. I år også med musikk! Samarbeid Tysvær historielag og Nedstrand museums- og historielag.
Lørdag 30. oktober kl 11.00 Tysværtunet, Storsalen	Kongen forteller v/Harald Stanghelle. Om forandringsane som har skjedd gjennom Harald V sine år som prins, kronprins og konge. Stanghelle samtaler med Marianne Losnegård.
Lørdag 30. oktober kl 12.15 Tysværtunet, Storsalen	Unn Falkeid: Den hellige Birgitta - enken som utfordret Europa. Birgitta (1303-1373) var ei av dei tydelegaste stemmene i Europa i si tid og sette både kongar og pavar på plass.
Lørdag 30. oktober kl 13.30 Tysværtunet, Storsalen	Pengesnakk! Økonomiforedrag for folk flest ved Lise Vermelid Kristoffersen. Mange kjenner Lise frå blogg, insta og podcast. Her gir ho deg motivasjon og sparetips live!
Lørdag 30. oktober kl 14.30 Tysværtunet, Storsalen	Halvor Folgerø: Vestlandvegar. Foredrag om de mest spektakulære vegstrekningane våre. Ei av dei mest dramatiske historiene i boka handlar om Elisabeth frå Sveio,- ho deltek og!
Lørdag 30. oktober kl 15.45 Tysværtunet, Storsalen	Skjønt det mørkt så ut. Ken André Ottesen fra BAdesKen i samtale med Alf Einar Kvalavåg frå Tysvær Bygdeblad. Aldri er det viktigare å le enn i tunge tider! Me lovar høg humorfaktor!
Lørdag 30. oktober kl 17.00 Tysværtunet, Storsalen	Harry Hole Oppsummert! Humorshow v/ Liv Gulbrandsen. der publikum blir kjende med heilt nye og overraskande sider av nasjonalhelten Harry Hole. Jo Nesbø sitt forfatterskap er langt – her får du ei humørfylt oppsummering på 60 minutt!
Søndag 31. oktober kl 11.30 Tysværtunet, Storsalen	BarnebLEST i Tysværtunet for heile familien: "Hva er et menneske?" Historie på ein morosam og underhaldande måte. DEL 1: Famileforedrag ved arkeolog Vibeke Marie Viestad og flintsmed Morten Kutschera. Frå 6 år. + DEL 2: Flintverkstad med Morten Kutschera og Theodor Lothe Bruun. Prøv sjølv det du hørte om i foredraget! Her kan du lære å lage reiskaper av flintstein slik dei gjorde det i steinalderen. Frå 6 år.
Søndag 31. oktober kl 12.00 Slåttevik kai + kl 13.30:	Velkommen ombord i EPOS, Det flytande litteraturhuset. Foredrag ombord v/ Marit Tvedt, omvisning i den gamle landhandelen som har vore 170 år i samme familie og vandring i bygdemiljøet v/ Atle Heskja. Forteljarprogram for barn v/Tove Selås- også det med fokus på lokale sagn og historier.
Søndag 31. oktober kl 16.00 Tysværtunet, Storsalen	LokalbLEST. Fokus på lokalhistoriske utgivelsar på Haugalandet. Samarbeid Tysvær historielag og Haugesund historielag. Programmet vert leia og knytta saman av Sigmund Hansen. Sjå motsett side for detaljer.
Søndag 31. oktober kl 19.00 Nedstrand kyrkje	Tania Michelet: Min egen vei – fra Mao til Gud. Ei gripande livshistorie i spenninga mellom eit radikalt oppvekstmiljø og ein sterkt religiøs lengsel. Samarbeid Nedstrand kyrkjeforum.
Søndag 31. oktober kl 19.00 Tysværtunet, Storsalen	Dantes inferno. Festivalavslutning med Munor, saxofonist Rolf Erik Nystrøm og forfattar Kristin Flood. Opplev dette berømte italienske verket på rim på norsk og italiensk, tett fulgt av beskrivande, italiensk musikk.
Måndag 1. november kl 18.00: Hinderåvåg kai, Nedstrand	Krim & kringle! Dagen-derpå-bLEST ombord i EPOS, Det flytande litteraturhuset. Nært møte med våre lokale krimforfattarar Agnes Matre og Geir Tangen som fortel om seg sjølv og les frå sine ferskaste bøker.

blestlitteratur.no

BILLETTAR: Det må tas ut billett på førehand for ALLE arrangement, også dei som er =gratis. Kjøp på tysvertunet.kulturhus.no eller i biblioteket!

På nettsida finn du meir info og alltid oppdatert program!
Følg oss gjerne på Facebook og Instagram også!



BAdesKen: Skjønt det mørkt så ut

Det er lett å le når ein er glad, men viktigare å le når ein er trist! Dette veit Ken Andre Ottesen og norske lokalaviser. BA-desKen har gjennom sin instagramkonto møtt bølgje etter bølgje av pandemi og virus med verdas eldste medisin: Humor. Avisbilete, tekst og titlar har etterkvar blitt fem bøker. Kom og le!

Lørdag 30. oktober kl 15.45
Tysværtunet, Storsalen

humor

Liv Gulbrandsen: Harry Hole OPPSUMMERT!

Humorshow der publikum blir kjende med helt nye og overraskende sider av nasjonalhelten Harry Hole. Jo Nesbø sitt forfatterskap er langt – her får du ei humørfyllt oppsumming på 60 minutt!

Lørdag 30. oktober kl 17.00
Tysværtunet, Storsalen



barn Bli med til steinalderen!



DEL 1: Søndag 31. oktober kl 11.30
Tysværtunet, Storsalen

Underhaldande og lærerikt **familieforedrag** med arkeolog Vibeke Marie Viestad og flintsmed Morten Kutschera. Alder: Fra 6 år.

DEL 2: kl 12.30 Tysværtunet, Frøylandsalen
Etter foredraget blir det **flintverkstad** med Morten Kutschera og Theodor Lothe Bruun der du kan prøve ut litt av det du lærte om tidligare!

konserter

Jan Eggum i 70!

Bokbad og konsert.
Eggum fyller 70 år i haust, og bLEST blir med på feiringa! Opplev jubilanten i konsert og samtale med musikk-journalist-bauta Geir Rakvaag. Her får me historier og betraktninger rundt eit langt og spennande artist- og kunstnarliv.

Torsdag 28. oktober kl 20.00
Tysværtunet, Storsalen

Dantes inferno

Visste du at **Dantes inferno** fra 1300-talet er ei spennande skrekk historie som framleis er aktuell? Munor, saxofonist Rolf Erik Nystrøm og forfattar Kristin Flood formidler deler av historia på rim på norsk og italiensk, tett fulgt av beskrivande, italiensk musikk.

Søndag 31. oktober kl 19.00
Tysværtunet, Storsalen



LokalbEST Bøker med lokalhistorisk innhold

● Dikt frå diktsamlinga «Frotlinjeren» av Kjersti Andrea Storhaug.

● Bureising i Bjøadalen for 100 år sidan v/Liv Kari Bødker.

● «Det haugalandiske flytteområdet» til Haugesund versus «det stavangerske flytteområdet» frå Ryfylke til Stavanger v/Nils Olav Østrem.

● Kong Titolfs Saga v/Magnus Skåden.

Han vil også presentere andre bøker frå Valevåg/Tittelsnesområdet.

● Vormedal forlag 20 år:

Tor Inge Vormedal vil presentere nokre av årets bøker, m.a.: «Historien om Haugalandet - 1920-tallet» og «Kjærlig hilsen» av Alf Gunnar Eritsland som tek utgangspunkt i 200 brev mellom besteforeldra hans her på Haugalandet.

● «Nærbutikkene på Haugalandet» v/Henry Thorsen og Alf Henden

● «VINDETRE 2021», lokalhistorie frå Vindafjord v/Olav Velde

● Historia til Myklebustgarden v/Per Qvale

● «VINGESPENN 2021», lokalhistorie frå Tysvær v/Hartvig Waage

Konferansier er Sigmund Hansen

Søndag 31. oktober kl 16.00
Tysværtunet, Storsalen

Harald Stanghelle: Kongen forteller

Harald Stanghelle har sidan januar 2019 hatt ei rekke samtaler med Kong Harald som har resultert i boka «Kongen forteller». Det handlar ma om forandringene som har skjedd gjennom Harald V sine år som prins, kronprins og konge. Møt Harald Stanghelle i samtale med Marianne Losnegård.

Lørdag 30. oktober kl 11.00
Tysværtunet, Storsalen

Unn Falkeid: Den hellige Birgitta

Enken som utfordret Europa. Den hellige Birgitta (1303-1373) var ei av de tydelegaste stemmene i Europa i si tid og sette både konger og paver på plass.

Lørdag 30. oktober kl 12.15
Tysværtunet, Storsalen



Praktisk informasjon:

Me er glade for at bEST 2021 kan gå heilt som normalt, utan restriksjonar! Hugs likevel allmenne smittevernråd, og bli heime om du er sjuk.

Følg også med på nettsida www.blestlitteratur.no og Facebook, der det alltid vil ligge oppdatert informasjon om eventuelle endringer i programmet.

Hugs å hente ut billett på alle arrangement, også dei som er gratis.
Følgjekort gjeld på alle arrangement.

Også i år har Aksdal Bok & Papir sprett-opp bokhandel i Tysværtunet der det vert bokslag og signering ved forfattarene. Også boksalg på dei fleste andre arenaene.

Velkommen til ein innhaldsrik og fin bokfest!

Takk til sponsorane våre!



NORSK
KULTURRÅD



bEST Litteraturfest i Tysvær



PROGRAM 2021